

Skjemaet skal sendast til kommunen der tømmeret kjem frå.

1. Opplysningar om seljar / skogen der tømmeret kjem frå			
Namn	Kommune	Gardsnr.	Bruksnr.
Adresse	Postnr.	Poststad	

2. Kven skal betale inn skogfond?		
A. Skogeigar / seljar <input type="checkbox"/> B. Kjøpar <input type="checkbox"/> (Dersom b. kjøpar, skal pkt. 3 nedanfor alltid fyllast ut.)		
Kontaktperson	Telefon	E-post adresse

3. Opplysningar om kjøpar (ikkje ved direktesal til forbrukar)			
Orgnr.	Namn		
Adresse	Postnr.	Poststad	

4. Tømmerforordninga			
Sertifisering	Hogsttype	Opphav	Teke omsyn
<input type="checkbox"/> 0- Ikkje oppgjewe	<input type="checkbox"/> 1- Foryngningshogst	<input type="checkbox"/> 0- Eigen skog	<input type="checkbox"/> Ja
<input type="checkbox"/> 1- PEFC	<input type="checkbox"/> 2- Tynning	<input type="checkbox"/> 1- Alminneleg sal	<input type="checkbox"/> Nei
<input type="checkbox"/> 2- FSC	<input type="checkbox"/> 3- Oppryddingshogst	<input type="checkbox"/> 3- Rotkontrakt	
<input type="checkbox"/> 3- Anna	<input type="checkbox"/> 4- Omdisponert areal		

5. Opplysningar om målepliktig virke som det blir svart skogfond for					
Skogfond	Definisjon	fm ³ ub	Tal/kg	Bruttoverdi i heile kroner	Skogfondstrekk i heile kroner
Pliktig	Gran - massevirke				
	Gran - sagtømmer				
	Gran - ved til brensel				
	Furu - massevirke				
	Furu - sagtømmer				
	Furu - ved til brensel				
	Lauv - massevirke				
	Lauv - sagtømmer				
	Lauv - ved til brensel				
	Heltrevirke flis - bar				
	Heltrevirke flis - lauv				
	Biovirke				
	Anna				
Frivillig	Juletre (stk)				
	Pyntegrønt (kg)				
	Ekstra innbetaling				

6. Underskrift	
Merknader	
Stad og dato	Underskrift

Rettleiing
<p>Skjemaet vert nytta ved småsal av tømmer, skogsflis, ved, juletre og ekstra innbetaling av skogfond. Når verdiberekning vert gjort i ein virkesdatabase knytt til ein tømmermålingsforeining, skal ikkje skjemaet nyttast.</p> <p>Ved sal må kjøparen (skogeigarlag og/eller andre kjøparar) fylla ut og sende inn skjemaet. I andre høve skal skogeigaren sjølv gjere dette, og i desse tilfella blir skogeigaren oppført som både kjøpar og seljar.</p> <p>Alt skogsvirke som blir avverka til foredling (også foredling i eigen industri, til dømes gårdssag), sal eller eksport skal rapporterast. Ved sal av små kvantum der trekt skogfond blir mindre enn 500 kroner per år, er det frivillig å trekkje skogfond. Uttak av skogsvirke til dekning av skogeigarens eige behov i jord- og skogbruksmessig verksemd skal ikkje registrerast.</p> <p>Skjemaet skal fyllast ut og sendast inn i løpet av første veka etter den kalendermånaden som virket er levert, og oppgjer mellom kjøpar og seljar har funne stad.</p> <p>Trekt skogfond skal vere mellom 4-40 % av virkes bruttoverdi.</p> <p>Bruttoverdi = nettoverdi + driftskostnad.</p> <p>Bruttoverdi skal alltid oppgjevast, og uansett omsetningsform blir bruttoverdi ansett som verdien av henteklar rundvirke.</p> <p>Dersom oppgjeret blir utbetalt over fleire kalendermånader eller det blir bygd opp bonus, skal det ved første gangs oppgjer meldast totalt kvantum, bruttoverdi som samsvarar med oppgjeret, og trekt skogfond av denne bruttoverdien. Ved seinare oppgjer skal det ikkje meldast kvantum, berre bruttoverdi og skogfond av det som oppgjeret lyder på. Det er viktig at kvantum og pengeverdi ikkje blir meldt to gonger.</p> <p>Virke vert rekna som levert seinast når det er målt og/eller merka. Virke som blir seld på rot, vert rekna som levert når rotkontrakten blir inngått, uavhengig av om tømmeret er avvirket eller ikkje. Dersom virke kjøpt på rot skal avreknes basert på seinare måling, vert levering rekna for å ha skjedd først ved måling.</p> <p>Rundvirke til flis - bar og Rundvirke til flis - lauv: Dette er rundvirke som ein allereie ved førstehandsomsetning veit skal gå til energiflis, og volumet blir oppgjeve i fastkubikkmeter (fm3).</p> <p>Heltreflis og grotflis: Volumet av heltreflis og grotflis blir registrert i løskubikkmeter (lm3) ferdig flisa skogsflis. Ved omrekning mellom lm3 skogsflis og fastkubikkmeter (fm3) kan ein bruke ein faktor på 0,4.</p> <p>Eksempel: 150 lm3 skogsflis svarar til ei mengde på 60 fm3 (150 lm3 x 0,4).</p> <p>Ekstra innbetaling til skogfond: Når skogeigaren har trekt mindre enn 40 % skogfond av virkesomsetninga i eit kalenderår, er det høve til å gjere ei ekstra innbetaling. Beløpet som blir innbetalt kan ikkje vere større enn at totalt avsett skogfond blir maksimalt 40 % av bruttoverdien av årets virkesomsetning.</p> <p>Registreringsskjemaet skal vere motteke hos kommunen seinast 6. februar påfølgjande år.</p> <p>Merknad</p> <p>Dersom det skal registrerast virke av treslag som ikkje er nemnt i tabellen på side 1, skal kvantum, bruttoverdi og skogfondsstrekk oppgjavast under "Anna" og treslag under Merknadar.</p> <p>Tømmerforordningen</p> <p>Aktsomhet forutsetter at det blir brukt metoder og tiltak som tilfredsstillar krava i forordningen. Eit slikt system skal mellom anna innehalde dokument som kan vise at tømmeret er lovleg hogd, samt ei beskriving av korleis risikovurdering blir gjennomført og ein plan for handsaming av risiko.</p> <p>For meir informasjon om Tømmerforordningen, sjå Landbruksdirektoratets nettsider: https://www.landbruksdirektoratet.no/tømmerforordning</p> <p>Innsending</p> <p>Du kan rapportere opplysningane ved å bruke elektronisk skjema via Altinn. Tenesta/skjemaet heiter "Skogfond og tømmeravvirkning". Sjå vår heimeside for meir informasjon:</p> <p>https://www.landbruksdirektoratet.no/Rapportere småsalg og direktosalg</p> <p>Når du nyttar elektronisk skjema, sikrar du rask og effektiv rapportering.</p> <p>Dersom du ikkje har moglegheit til å bruke elektronisk skjema, må du sende dette skjemaet til kommunen der avvirkninga har skjedd.</p>